



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval:	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad:	Teams
Dato:	25.04.2025
Tidspunkt:	10:00

Ekstramøte på Teams.

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge på tlf 90 19 24 71. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing

Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge
Nasjonalparkforvaltarar

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 11/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 12/25	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 13/25	Jostedalsbreen nasjonalpark - Store Supphellebreen - Uthenting av breis - Liseter/Supphellen		2020/2988
ST 14/25	Orienterings- drøftings- og referatsaker		

Orienteringssaker

1. Ekstra tildeling av tiltaksmidler etter raset i Kjenndalen
2. Revisjon av verneforskrifter som treng oppdatering
3. Opning av utsiktspunkt ved Bøyabreen
4. Neste møte

ST 11/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 12/25 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2020/2988-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 22.04.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	13/25	25.04.2025

Jostedalsbreen nasjonalpark - Store Supphellebreen - Uthenting av breis - Liseter/Supphellen

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova si § 48, fyrste ledd, gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette grunneigarane på gardsnummer 158 bruk nummer 1 og 2 i Sogndal kommune, løyve til å hente ut breis til bruk ved formidling ved Norsk bremuseum og til kjøling av kjøt og andre matvarer på garden og ved tilstellingar på grendahuset i bygda. Med same heimel vert det gjeve løyve til motorisert ferdsel fram til den regenererte breen mellom Trollabyrgje og Buldrehamrane ved Store Supphellebreen, for å hente ut is.

Løyvet vert gitt på følgjande vilkår:

1. Løyvet har ei ramme på maksimalt seks turar årleg innanfor vernegrensa med føremål å hente is som er restar etter isras frå brefallet.
2. Det skal maksimalt hentast ut 4 m³ is pr tur.
3. Løyvet gjeld frå 27.mars 2025 og i fire år fram til 27.mars 2029.
4. Grunneigarane må sjølv vurdere når det er tryggast å hente ut breis. Det må takast særleg omsyn til vertilhøve, lystilhøve, breen sin tilstand/rasfare og turistar i området
5. Motoriserte ferdsle skal berre skje langs elveleiet slik at det ikkje set varige spor på open barmark.
6. Den omsøkte aktiviteten skal vere varsam og ta omsyn til dyr, fugl med egg, reir og bo, til folk på besøk i området og skal ikkje øydelegge vegetasjon, tre eller kvartærgeologiske verneverdiar, jf. verneføremålet.
7. Løyvet til motorferdel og køyrebok skal vere med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur og liggje i køyretøyet under turen saman med løyvet.
8. Køyrebok skal sendast nasjonalparkstyret innan 15. oktober kvart år.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente løyve etter anna lovverk frå Sogndal kommune.



Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad frå grunneigarane på gnr. 158/1 og gnr 158/2 i Sogndal kommune, datert 8.februar 2025
- Tilleggsopplysningar til søknad datert 1.mars 2025
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.10.1991
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1994

Søknaden


Grunneigarane på gardane inst i Supphelledalen i Sogndal kommune, gnr. 158/1 Mikkel Olai Haugen Liseter og gnr. 158/2 Ivar Supphellen og Trude Solli søker i brev av 08.02.2025 om løyve til uttak av breis frå Store Supphellebreen innanfor vernegrensa for Jostedalsbreen nasjonalpark:

«Me søker med dette om dispensasjon frå verneforskrifta til Jostedalsbreen Nasjonalpark for uttak av breis frå Store Supphellebreen, innafor vernegrensa for Jostedalsbreen nasjonalpark, nærare bestemt frå den regenererte delen av breen som ligg mellom Trollabyrgje og Buldrehamrane. Uttaket vert gjort maskinelt.»


Då det i søknaden ikkje var spesifisert noko om kva isen skulle nyttast til, eller kor mykje is det var snakk om, tok nasjonalparkforvaltaren kontakt med Ivar Supphellen for å få meir opplysningar. Supphellen nemnte at dei ynskte å få løyve etter verneforskrifta til å hente ut breis også til fleire føremål enn formidling ved Norsk bremuseum. Tidlegare var det vanleg for gardane på Supphella å hente breis til ulikt bruk på garden og i bygda, til dømes nedkjøling av slakt i den varme årstida og kjøling av matvarer i samband med bryllaup og konfirmasjonar. Då verneforskrifta vart formulert og vernet vart vedteke i 1991, var den regenererte breen mykje større enn i dag. Grunneigarane kunne hente ut is utan å kome innanfor vernegrensa. I følgje Ivar Supphellen er det difor ikkje nemnt noko om denne praksisen i verneforskrifta eller i føredraget til kongeleg resolusjon om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark. Når den regenererte breen har minka og trekt seg tilbake, har det etter kvart blitt nødvendig å hente is innanfor vernegrensa, og difor blitt trong for løyver etter verneforskrifta både for å ta ut is og til motorisert ferdsel i samband med uttak og transport av is.

Søklarane meiner at den tradisjonelle bruken av breis til kjøling av slakt og matvarer i den varme tida på året er berekraftig. Alternativet dei har er å leige kjølecontainer som må fraktast og driftast, noko som er kostbart og energikrevjande. Difor er det viktig for gardsbruka å ha mogelegheit til å hente ut og bruke breis til kjøling slik dei har gjort tradisjonelt.

I følgje Ivar Supphellen er det ikkje kvart år det er trong for å hente isen innanfor vernegrensa. Ofte vil isen rase og verte ført langt ut på elveflata framom den regenererte breen, av og til utanfor vernegrensa, den kan då plukkast direkte opp i traktorskuffa/-tilhengjaren. Når det går store isras frå Store Supphellebreen ned på den regenererte breen høyrer det godt ned til gardane på Supphella. Dei kan då reise inn og sjå om det er kome ned is som kan nyttast. Enkelte år er det færre store isras og dei må køyre lengre inn for å hente is og snø direkte frå den regenererte breen.



Figur 1 Flyfoto frå 2017



Figur 2 Flyfoto frå 2024

Brev med tilleggsopplysningar, datert 1.mars 2025:

«Viser til Tor Arne Hauge sin telefonsamtale med Ivar Supphellen om presisering av søknaden. Me søker om dispensasjon for uttak til bruk både på gards/bruk nummer 158 1 og 2 og til Norsk Bremuseum. Tradisjonelt har breis mellom anna vore brukt til nedkjøling av slakt i den varme årstida og kjøling av matvarer i samband med for eksempel bryllaup og konfirmasjonar. I eit klima- og miljøperspektiv meiner me dette er like berekraftig som turisme og undervisning. Alternativet privat er å leige kjølecontainer som må fraktast og driftast. Det dreier seg om tre fire uttak i året samla for begge gardsbruka, i tillegg til uttak til Norsk Bremuseum.»

Tidlegare løyve:

Det vart i 24.02.2020 gjeve fylgjande løyve til å hente ut breis mellom Trollbyrgje og Buldrehamrane på følgjande vilkår:

1. Løyvet har ei ramme på maksimalt fire turar innanfor vernegrensa med føremål å hente is som er restar etter isras frå brefallet.
2. Løyvet gjeld frå 24. februar 2020 og i fire år fram til 1. januar 2024.
3. Løyvet gjeld før kl 10.00 og etter kl 19.00 for å redusere talet på besøkjande som vert uroa av støy.
4. Den motoriserte ferdsla skal gå føre seg med traktor med skuffe langs elveleiet slik at det ikkje set varige spor på open barmark.
5. Den omsøkte aktiviteten skal vere varsam og ta omsyn til dyr, fugl med egg, reir og bo, til folk på besøk i området og skal ikkje øydelegge vegetasjon, tre eller kvartærgeologiske verneverdiar, jf. verneføremålet.
6. Løyvet til motorferdel og køyrebok skal vere med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur og liggje i køyretøyet under turen saman med løyvet.
7. Køyrebok skal sendast nasjonalparkstyret innan 15. oktober kvart år.

Etter at søkjarane klaga på vedtaket 19.03.2020 vart vilkåra 3. og 4. endra til fylgjande ordlyd:

3. Grunneigarane må sjølv vurdere når det er tryggast å hente ut breis. Det må takast særleg omsyn til vertilhøve, lystilhøve, breen sin tilstand/rasfare og turistar i området.
4. Den motoriserte ferdsla skal gå føre seg med langs elveleiet slik at det ikkje set varige spor på open barmark.

I klagen av 19.03.2020 vart det nemnt at det vart søkt om uttak av is generelt, ikkje berre til bruk ved formidling ved Norsk bremuseum. I handsaminga av klagen står det i vurderinga at:

«Det er, slik vi les søknaden, ikkje søkt om uttak av is til anna bruk enn formidling ved Norsk Bremuseum. Det vil det etter nasjonalparkforvaltar si vurdering vere feil å vurdere dette i denne klagesaka. Dersom grunneigarane ynskjer å ta ut breis til annan bruk enn formidling ved Norsk Bremuseum, må det søkjast om i eigen søknad.»

I søknaden, slik den no ligg føre, vert det søkt om å få ta ut breis til fleire føremål enn det som vart gjeve løyve til i 2020. Det vert søkt om inntil 3-4 turar årleg for å hente breis til bruk på gardane på Supphella i tillegg til 2-3 turar for å hente breis til bruk ved formidling ved Norsk Bremuseum. Det vert søkt om å få bruke traktor og eventuelt gravemaskin for å hente ut isen. Norsk bremuseum har opplyst at deira samla behov for breis til formidling er om lag 5m³ i året.



Figur 3 Mot elvesletta og den regenererte breen, juni 2023.

Is og grus har vore ein ressurs for dei to gardsbruka som er grunneigarar ved Store Supphellebreen. Nasjonalparkgrensa går på tvers av elvesletta, og gardbrukarane kunne tidlegare hente is utan å krysse vernegrensa, sjå figur 1 og 2.



Lovgrunnlag

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- Å verne eit stort, variert og verdifullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap.

I kapittel IV punkt 1.1. i verneforskrifta heiter det at:

«Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for tørlegging, framføring av luft- og jordleidningar, nydyrking, bakkeplanering, nyplanting, bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømande.

Det er forbode å bryte laus stein, mineralar eller fossilar. Det same gjeld uttak av slikt materiale for sal. Uttak av stor stein eller stein i store mengder er også forbode.»

Uttak av breis er ikkje nemnt spesielt. Forvaltar vurderer likevel at uttak av breis ein del av det som landskapet er verna mot, sidan landskapet er verna mot alle inngrep. Men uttak av mindre mengder breis, som uansett vil smelte i løpet av sommaren, vil vere eit tiltak som truleg ikkje har varige negative konsekvensar for breen og føremålet med vernet.

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er ikkje opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) til motorferdsel spesifikt for å hente ut breis. Søknad om motorferdsel må difor bli vurdert etter § 48 i naturmangfaldlova som erstattar pkt. VI i verneforskrifta. I naturmangfaldlova § 48 står det at: *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Dette står i forvaltningsplanen frå 1994 i kapittel 7.3.12 under Forsking og undervisning:

«Norsk Bremuseum i Fjærland har trong for bre-is til forskning og utstillingar, og dei ønskjer å samarbeid med ein av grunneigarane om uttak av is frå Trollabyrgje i Supphelledalen, Fjærland. Uttaket gjeld små mengder i høve til det som fell ned frå Supphellebreen. I utgangspunktet ser vi ikkje dette som særleg problematisk fordi tilhøva ligg godt til rette. Korleis og tidspunkt for uttak må likevel diskuterast når søknad om dispensasjon for uttak av bre-is ligg føre. Det vil vere mest praktisk evt. å gje løyve for fleire år om gongen.»

Det er ikkje nemnt noko om uttak av breis til andre føremål enn formidling.

Om motorisert ferdsel står det følgjande i forvaltningsplanen under kapittel 7.3.9.

Motorferdsel, punkt f):



«Transportbehov i landbruket vil verte vurdert konkret. Utkøyring av saltsteinar og liknande. Må samordnast mellom grunneigarane før evt. løyve vil bli gjeve. Frakt av skadde dyr kan rekne med positiv og rask handsaming. Frakt av material til vedlikehald av stølar vil i utgangspunktet få positiv handsaming.

Det vanlege er at snøscooter, traktor eller hest vert nytta til utkøyring av ved. Utkøyring med hest slik det skjer i Langedalen i Jølster er tillate. Utkøyringa av ved bør skje mest mogleg sporlaust. Etter utkøyring med hest, vurderer vi snøscooter som det nest gunstigaste.

Køyring med traktor i elveleiet om hausten gjev også tilnærma sporlaus ferdsel. Køyring med traktor på barmark vil vanskeleg få løyve.» (Sakshandsamar si understreking).

Supphellebreen som innfallsport til nasjonalparken

Store Supphellebreen er ein utløpar av Jostedalsbreen og ligg halvvegs inn Supphelledalen i Fjærland, Sogndal kommune. Det er ein populær turistattraksjon som, i 2019, fekk permanent toalett for dei besøkande etter mange år med ureiningsutfordringar. Breen har vore delt i to delar i mange år. Den nedste delen, også kalla den regenererte delen, har smelta mykje dei siste åra. Den har fått «påfyll» frå breplatået, men den omfattande bresmeltinga har ført til at den nedste delen minkar betydeleg meir enn den får påfyll.

Det meste av ferdsla til innfallsporten er turistar som kjem køyrande for å sjå breen. Det kjem mange bussar inn dalen. Frå mai til oktober 2018 stod det ein ferdselsteljar ved utsiktspunktet mot breen. Denne viste 11651 besøkande. Dette gjer Supphellebreen til ein av dei mest besøkte innfallsportane til nasjonalparken, men er likevel langt under det talet besøkande som til dømes Bøyabreen hadde i same periode (81131 besøkande). I tabellen under kan ein sjå dei månadsvisе tala for besøkande til Supphellebreen frå 2018.

Supphellebreen		
Månad	Tal besøkande	Kommentar
mai.18	1073	f.o.m. 10. mai
jun.18	2450	
jul.18	4261	
aug.18	2956	
sep.18	813	
okt.18	98	t.o.m. 10. okt.

Tabell 1: Månadleg tal besøkande til Supphellebreen frå mai til oktober 2018

Vurdering

Is og grus var lenge ein ressurs som vart nytta til ulikt føremål på dei to gardsbruka som er grunneigarar ved Store Supphellebreen. I dei seinare åra har uttaket vore avgrensa til is til bruk ved formidling ved Norsk Bremuseum. Å opne for uttak av is til privat bruk på gardane i mindre mengder vil ikkje utgjere nokon nemneverdig forskjell. Det vil innebere at grunneigarane får att moglegheit til å hente ut mindre mengder breis innanfor vernegrensa og at tal turar med motorisert ferdsel inn i verneområdet vil auke med nokre få turar. Køyrespora vil verte vaska vekk av flaumvatnet og vil difor ikkje vere varige.



Forvaltninga er godt kjent i området. På begge sidene av elvesletta er nokre mindre parti med kalkrik flaummarkskog, karakterisert som sårbar (VU) i raudlista for naturtypar. Skogen vert ikkje påverka av eventuell henting av is og køyring på elvesletta. Det er tilnærma ingen vegetasjon på elvesletta, sjå figur 3. Køyrespor vert vaska vekk ved neste høge elvestand/flaumras (nml § 12). Det har til og med vore ei utfordring at både stien, varselskilt og kjettingar som nasjonalparken har sett opp blir vaska vekk når det kjem store flaumar av is og vatn ut av breen. Difor vil det ikkje være varige køyrespor i området ved å gje dispensasjon til det omsøkte tiltaket.

Forvaltninga vurderer faren for presedens som liten. Dette fordi gardbrukarane historisk har brukt området til å hente is og stein/grus (utanfor vernegrensa), noko vi ikkje finn tilsvarande for i andre delar av nasjonalparken. Bruken av breis til formidling på Bremuseet har pågått i snart 35 år. Bruken er ikkje-kommersiell og vert nytta til å spreie kunnskap om breis til besøkande, særleg retta mot barn. Saka er eit godt døme på effektar av klimaendringar og påverknaden på både natur og bruk av området. Då breen var større kunne henting av is gå føre seg utan løyve frå verneforskrifta.

Tradisjonelt uttak av is i mindre mengder til annan bruk enn undervisning/formidling vil, etter forvaltar si vurdering, ikkje medføre påverke verneverdiane i nasjonalparken nemneverdig og ikkje vere i strid med verneføremålet.

Naturmangfaldlova § 11 vert vurdert som irrelevant i denne saka, men dersom naturmangfaldet skulle bli skadelidande vil tiltakshavar måtte dekkje kostnadane som tiltaket påverkar.

Jamfør naturbase er det enkelte raudlista artar og naturtypar i området, men ingen av disse vil bli skadelidande ved den omsøkte hentinga av is (nml § 8). Difor får § 9 om føre-var-prinsippet lita vekt i denne saka.

Med bakgrunn i vurderingane ovanfor tilrår forvaltar at det vert gjeve fleirårig løyve til uttak av breis, og motorferdsle i samband med dette.

ST 14/25 Orienterings- drøftings- og referatsaker